

Hovudplan skogsbilveg



Vindafjord kommune

2018- 2032

Vedtatt DUK 26.11.2018

Innhald

1	<i>Bakgrunn og mandat</i>	3
2	<i>Innleiing</i>	5
2.1	Sentrale føringar - lov, forskrift m.m.....	5
3	<i>Innhald og bruk av hovudplanen</i>	6
3.1	Innhald	6
3.2	Bruk av hovudplanen	6
4	<i>Prosess og planstatus</i>	6
4.1	Prosess	6
4.2	Planstatus.....	7
5	<i>Sentrale trekk ved skogbruket i kommunen</i>	7
5.1	Nøkkeltal	7
5.2	Eksisterande skogsvegar.....	9
5.3	Terrengforhold, klima og driftstekniske utfordringar.....	10
5.4	Flaskehalsar på offentleg veg	10
5.5	Verdiskaping frå skogen	11
6	<i>Metode</i>	11
6.1	Innhenting av skoglege ressursdata	11
6.2	Planlegging av framtidige skogsvegar m/dekningsområde	11
6.3	Miljøomsyn.....	11
6.4	Økonomiske parametrar	11
7	<i>Mål og strategiar</i>	13
8	<i>Oversikt over viktige hovudtraséar</i>	13
9	<i>Samandrag</i>	13
10	<i>Vedlegg</i>	15
10.1	Tabell 1. Oversikt over aktuelle og viktige hovudtrasear	15
10.2	Tabell 2. Økonomiske vurderingar	18

Hovudplan skogsbilveggar Vindafjord kommune

10.3	Oversiktskart med skisserte vegløyningar	21
10.3.1	1160-1.1 Fostenesvegen 2	21
10.3.2	1160-1.2 Liamyrvegen.....	22
10.3.3	1160-1.3, 1.4, 1.5 Krossleitevegen	23
10.3.4	1160-1.6, 1.7, 1.8 Holmalivegen	24
10.3.5	1160-1.9 Longåsdalsvegen	25
10.3.6	1160-1.10 Skredalsvegen	26
10.3.7	1160-1.11 Rullevikstjørnvegen	27
10.3.8	1160-1.12 Hetlovegen.....	28
10.3.9	1160-1.13 Leitevegen 2 og 1.14, 1.15 Bjoavassvegen	29
10.3.10	1160-1.16 Kolbeinshauglivegen	30
10.3.11	1160-1.17 Øvre Aurdalsvegen.....	31
10.3.12	1160-1.18 Breimyrvegen.....	32
10.3.13	1160-1.19 Stølsvegen.....	33
10.3.14	1160-1.20 Kvamstjørnvegen	34
10.3.15	1160-1.21 Skjervheimslivegen	35
10.3.16	1160-1.22 Kolltveitstrandvegen	36
10.3.17	1160-1.23, 1.24 Nordabøvegen	37
10.3.18	1160-1.25, 1.26, 1.27 Vassverksvegen	38
10.3.19	1160-1.28 Sandhammarbekkvegen	39
10.3.20	1160-1.29 Hualøypevegen	40
10.3.21	1160-1.30 Røyrvatnvegen	41
10.3.22	Oversiktskart	42

1 Bakgrunn og mandat

Utarbeiding av hovudplan for skogsveggar i alle kommunane langs kysten er forankra i *Kystskogmeldinga* frå 2008. Meldinga er vedtatt av ni fylkeskommunar frå Rogaland til Finnmark og legg opp til ei dobling av verdiskapinga i skogbruksnæringa frå kring 17 mrd kr i 2009 til om lag 40 mrd kr innan 2020. Målet er seinare auka til ei firedobling innan 2040. For å nå verdiskapingsmålet er utbygging av ein rasjonell infrastruktur sentralt.

I Rogaland er Kystskogmeldinga følgt opp gjennom "*Handlingsplan for skogbruket i Rogaland*" (2009) og "*Regionalplan for landbruk*" (2011).

Skogmeldinga «*Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*» (Meld. St. 6, 2016 - 2017) fokuserer sterkt på infrastruktur. Eit av tiltaka er utbygging av skogbilvegnettet for å gjere både hogst og investeringar i skogbruk meir lønsame, og gjennom det å bidra til ein aktiv bruk av skogressursane for auka verdiskaping og større CO₂-binding.

Infrastruktursatsinga frå regjeringa er følgt opp med ei dobling av investeringsmidlar til både skogsveggar og tømmerkaiar dei siste åra. Tømmerkaia på Søndenåneset i Vikedal er ombygd med midlar m.a. frå desse investeringsmidla. Sentralt i satsinga er større fellesveggar – fortrinnsvis skogsbilveggar med høg standard for effektiv og rasjonell tømmertransport.


Skogsbilveggar sikrar tilgang til skogressursane og har stor betydning for kostnadar ved hogst og framkjøring av tømmer. Manglande skogsbilveggar er ein av dei største flaskehalsane for å utnytte skogressursane langs kysten. Kystskogfylka, og Vindafjord kommune, har vesentleg lågare skogbilvegdekning samanlikna med dei tradisjonelle skogstroka på Austlandet, sjå figur under. I tillegg stiller dei klimatiske og naturgitte forholda større krav til vegdekning for å drive eit rasjonelt og økonomisk skogbruk. Eit overordna mål er å kome opp på minst same nivå som innlandsskogbruket for å kunne ta ut verdiskapingspotensialet.

Kystskogmeldinga frå 2015 legg opp til at skogsbilvegnettet må komma opp på nivå med innlandsfylka og auke skogsbilvegdekninga frå 5 m/hektar til 10 m/hektar produktivt skogareal.

Hovudplan for skogsbilveggar viser i grove trekk infrastrukturbehovet i skogbruket med tanke på ei rasjonell og framtidsretta utnytting av skogressursane. Hovudplanane er grunnlag for sentralt arbeid med infrastrukturprogram og synleggjer for statlege mynde investeringsbehovet i næringa.

Hovudplan skogsbilveg 2018-2032 erstattar eksisterande hovudplanar for «gamle» Vindafjord frå 2001 og «gamle» Ølen frå 2003.

Hovudplan skogsbilveggar Vindafjord kommune



Figur 1 viser forskjellen på skogsbilveg i Noreg i dag (meter veg per hektar) i Vindafjord kommune samanlikna med kystregionen, innlandet, Norge og andre land.

2 Innleiing

2.1 Sentrale føringar - lov, forskrift m.m.

Fokus på auka verdiskaping gjennom ein aktiv utnytting av skogressursane er godt forankra i fleire sentrale og lokale styringsdokument. Følgjande overordna styringsdokument ligg til grunn for hovudplanarbeidet:

- Kystskogmeldinga (2008)
- Handlingsplan for skogbruket i Rogaland (FK 2009)
- Regionalplan for landbruk (FK 2011)
- St. meld. nr. 9 om landbruks – og matpolitikken (2011-2012)

Andre sentrale dokument er:

- Infrastrukturprogrammet (SINTEF, Skogkurs og NIBIO 2015)
- Kystskogmeldinga (2015)
- St. meld. nr. 6 «Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring» (2016-2017)
- St. meld. nr. 39 «Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen» (2008-2009)
- Klimakur 2020 (2010)
- Regionalplan energi og klima (FK 2010)
- St.meld. nr. 21 «Klimameldinga» (2011-2012)

Innhaldet i desse dokumenta gir klare målsettingar og tiltak for heile kystskogsektoren på infrastruktur. Eit konkret tiltak som går igjen i styringsdokumenta er ei forsterka satsing på skogsvegbygging som basis for å kunne ta ut verdiskapingspotensialet. Ein start og eit grunnlag på ei slik større satsing er utarbeiding av hovudplan for skogsveggar i alle kommunar langs kysten.

Ut over dette har Fylkesmannen i Rogaland utarbeidd «*Retningslinjer for støtte til taubane og skogsvegbygging*», som vert revidert kvart år. Fylkesmannen føreset der at alle dei store skogkommunene i fylket har utarbeidd hovudplan for skogveggar.

Regelverk – forskrift og rundskriv

All bygging av landbruksveggar krev i dag godkjenning etter "*Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål*" med heimel i Skogbrukslova, og vurderingar etter Naturmangfaldslova (NML) og dei miljørettslege prinsippa § 8-12.

Hovudformålet i "vegforskrifta" er å sikre at planlegging og bygging av veggar for landbruksføremål skjer på ein måte som gir landbruksfaglege heilskapsløysingar uavhengig av eigedomsgrenser, samstundes som det skal leggjast vekt på miljøverdiar knytt til naturmiljø, landskap, kulturminne, friluftsliv og anna interesser som blir rørt av vegframføringa.

I tillegg til forskrifta er det utarbeida eit eige *Rundskriv M-2/97*. I rundskrivet er det presisert at der det finst overordna vegplanar, slik som hovudplan for skogsveggar, skal desse gi føringar for handsaming av enkeltsaker. Der det ikkje finst slike planar frå før, skal kommunen gjere ei tilsvarande heilskapeleg vurdering for området vegen skal tene.

I forhold til Naturmangfaldslova skal det gå klart fram i byggjeløyve at tiltaket er vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i NML §§ 8-12 og korleis desse prinsippa er vurdert, jf. §7, Dersom prinsippa ikkje er vurdert, eller vurderinga er mangelfull, er dette ein sakshandsamingsfeil som kan føre til at vedtaket kan bli gjort ugyldig, jf. §§ 35 og 41 i forvaltningslova.

Vegforslaga i denne planen er ikkje unnateke vanleg saksgong.

3 Innhald og bruk av hovudplanen

3.1 Innhald

Hovudplanen for skogsveggar skal i grove trekk vise skogbrukets infrastrukturbehov med tanke på ein rasjonell og framtidretta utnytting av skogressursane. Sentralt i dette er synleggjering av verdiskapingspotensiale til det enkelte veganlegg.

Kommunen har tidlegare gjennomført ei kartlegging av det eksisterande skogvegnettet for oppdatering av vegdatabasen i samarbeid med Statens kartverk (sjå pkt. 5.2). Vidare er det gjort ei vurdering av i kva område det vil vere behov for vegutløyving i neste 15-årsperiode. Eit utval på 30 vegframlegg er samla i hovudplanen. Kart og talmateriale er utarbeidd av vegplanleggaren for Rogaland engasjert i prosjektet «Gode skogsvegløyvingar Rogaland».

Dei innteikna veglinjene viser ikkje eksakt plassering av skogsvegtraseane, men er ei god rettesnor på kor dei aktuelle skogsvegtraseane bør leggjast. Det betyr at både det endelege trasévalet og reelt dekningsområde kan avvike noko frå planen.

Dekningsområda som er angitt i planen for kvart anlegg er teikna inn etter terrengforhold, lengd på terrengtransport og tilgrensande veggar og dekningsområde. Volumtal og vidare verdiskapingspotensiale for dei ulike anlegga er berekna med grunnlag i ferske bestandsdata frå områdetaksten frå 2016 for skogen i Vindafjord.

3.2 Bruk av hovudplanen

Hovudplanen skal vere eit sentralt styringsdokument rundt sakshandsaming av landbruksveggar etter "vegforskrifta". Hovudplanen skal gi føringar for handsaming av enkeltsaker – sjå kap 2.1 under *regelverk forskrift og rundskriv*.

I forhold til forvaltning av tilskot til skogsveggar skal tiltak i tråd med hovudplan gjevast prioritet.

I tillegg vil hovudplan skogsveggar vere styrande for målretting/prioritering av ressursbruk for å få bygd flest mogleg av vegforslaga i planen. (Kva veganlegg vil kommunen mobilisere mot først og sist.)

4 Prosess og planstatus

4.1 Prosess

Kommunen har vore ansvarleg for gjennomføringa av hovudplan skogsveggar med oppstart 01.september 2011. Fylkesmannen og skogsvegprosjektet i Kystskogbruket, og nå prosjektet «Gode skogsvegløyvingar Rogaland», har vore gode medhjelparar i arbeidet.

4.2 Planstatus

Denne hovudplanen for skogsbilvegar gjeld for perioden 2018 -2032 og er ei revisjon av eksisterande hovudplanar for «gamle» Vindafjord frå 2001 og «gamle» Ølen frå 2003.

Hovudplanen er ikkje juridisk bindande, og avgjer ikkje kva tiltak som skal/ikkje skal utførast på eit bestemt areal. Hovudplanen er ein oversiktsplan som trekker opp hovudlinjene i skogbruket sitt behov for infrastruktur. Den enkelte skogeigar må sjølv ha interesse for eventuell vegbygging og levere søknad for handsaming etter *"Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål"*.

5 Sentrale trekk ved skogbruket i kommunen

5.1 Nøkkeltal

Totalareal: 620.590 daa

Produktivt skogareal (AR5): 215.338 daa

derav taksert 2016: 169.278 daa

Taksert skogareal fordelt på treslag:

- Gran – 36.500 daa (22%)
- Furu – 64.000 daa (38%)
- Lauv – 66.500 daa (40%)

Stående volum: 2.670.000 m³

derav i hogstklasse 4 og 5: 2.351.875 m³

Stående volum fordelt på treslag:

- Gran - 48.400 m³ (55%)
- Furu – 22.000 m³ (25%)
- Lauv – 18.200 m³ (20%)

Årleg tilvekst: 88.600 m³

Årleg tilvekst fordelt på treslag:

- Gran - 48.400 m³ (55%)
- Furu – 22.000 m³ (25%)
- Lauv – 18.200 m³ (20%)


Bonitetsfordeling taksert areal:

- Høg og super: 45.000 daa (27%)
- Middels: 90.650 daa (53%)
- Låg: 33.625 daa (20%)


Eigedomsstruktur:

I Vindafjord er det 840 eigedommar med 10 dekar produktiv skog eller meir. Kvar av desse har i gjennomsnitt 200 dekar produktiv skog.

Figur 2: Hogst, planting og ungskogpleie siste 20 år:



Figur 3: Skogsvegbygging siste 10 år.





5.2 Eksisterande skogsveggar

VBASE – registrering/ajourføring av eksisterande skogsveggar

Arbeidet med hovudplan har vore 2-delt der del 1 omfattar registrering og digitalisering av det eksisterande skogsvegnettet i kommunen. Dette har danna grunnlag for å sortere ut område med dårleg eller ingen vegdekning. Dette arbeidet har vore utført i tett samarbeid med Statens Kartverk der linjer for våre skogsveggar er blitt lagt inn i Vbase og supplert FKB-data for kommunen.

Det er ialt registrert 39 kilometer med skogsbilveg (vegklasse 3, 4 og 5). Om ein reknar med ein nytteverdi for tømmertransport på 20% av kommunale og fylkeskommunale, vert likevel skogsbilvegdekning i Vindafjord berre 3,5 m per hektar produktiv skogsmark. Dette er mykje lågare vegdekning enn innlandet og Noreg samla (jf. fig. 1 s.3). Mykje av traktorvegnettet (vegklasse 7 og 8) løyser ut viktige skogområde i kommunen, men med dagens krav til transportavstand og driftsøkonomi vil det vere fornuftig å ruste fleire av desse opp til bilvegstandard. For å halde stigningskravet til vegklasse 3 og 4 må ofte deler av trasèen leggjast om, men i mange tilfeller kan ein behalde vegtrasèen som den er. Tal kilometer med veg i hovedplanen omfattar både ombygging og nyanlegg.

Mange skogsveggar er stengt med vegbom. Det er kun interessentane for veganlegga og skogoppsynet i kommunen som har tilgang til nøklar. Det er leiaren i veglaget som har ansvaret med å gje ut nøklar til tømmerbilsjåførarar, entreprenørar, skogbruksleiarar mm.

Skogsvegane kan nyttast av brannvernet, ambulanse og politi i tilfelle skogbrann eller ulykke. Brannvernet vil kunna ta seg inn på veganlegget med å klyppa av låsen. Skogsvegnettet har synt seg å vere svært viktig i samband med skogbrannar. Både med å få brannbil fram, men og å gje tilkomst til areal med lågare vegstandard med bruk av traktor og gjødselvoign.

5.3 Terrengforhold, klima og driftstekniske utfordringar

Det aller meste av kulturskogen i Vindafjord står på høg og super bonitet, mens furuskogen står på middels til låg bonitet. Det meste av kulturskogen kan drivast ut med terrenggåande skogsmaskinar. Noko av skogen står i bratt og svært bratt terreng og er vanskeleg å få tak i utan å bygge midlertidige driftsveggar for hogstmaskin og lassberar eller bruk av taubane. Berggrunnen består i hovudsak av fyllitt og ein del granitt. Morenemassar med ulik tjukkeleik er jamt fordelt i kommunen. I tillegg kjem ein del breen- og elveavsetningar. Kommunen ligg mellom to fjordsystem. Den marine grensa varierar mellom 45-60 meter.

Tilhøva for bygging av skogsveggar vil dermed vere varierande. Klimatiske utfordringar med mykje nedbør og milde vintrar gjer at ein er avhengig av gode skogsveggar.

5.4 Flaskehalsar på offentleg veg

«Skognæringens transportruter på det offentlige veinett i kystfylkene i år 2015» er ein analyse som syner skognæringa si lønnsemd ved opprusting av aktuelle vegstrekningar. For Vindafjord er den årlege transportgevinsten for dei ulike vegrodene som følgjande:

Vegtype	Vegnr	Strekning	Årleg transportgevinst	Lengde km	Dagens vekt- og dimensjonsbestemmelser		
					Vekt	Lengde	Høgde
Kommunal	Kv101	X E134 - Øygarden	88 000	1,0	8/32	12,4	4,5
Kommunal	Kv103	Strand (X E134) - Breivik	55 000	1,5	8/32	15,0	4,5
Kommunal	Kv89	Ilsvåg (X Rv46) - Skikelstrand	41 000	3,1	8/32	12,4	4,5
Fylkesveg	Fv736	Årn (X Fv738 - X KV Frøland	84 000	3,0	8/32	12,4	4,5
Fylkesveg	Fv736	Frøland - Kirketeig (X Rv513	3 000	4,0	8/32	12,4	4,5
Fylkesveg	Fv745	Ørnes (X Fv744 - Fatland	86 000	4,0	6/28	15,0	4,5
Riksveg	Rv513	Solheim (X E134) – Kjerva (X Fv736)	15 000	4,0	T8/40	15,0	4,5
Riksveg	Rv513	Kirketeig (X Fv736) – Tysvær grense	2 000	5,0	T8/40	15,0	4,5

5.5 Verdiskaping frå skogen

Dei siste 10 åra, 2007-2017, er det avverka i ca. 170.000 m³ industrivirke og energivirke i kommunen. Mykje av dette virket går til eksport eller til sagbruk på Granvin eller sagbruk og industri på Austlandet. Noko vert og foredla på lokale sagbruk i kommunen. Lokalt virke vert og nytta til varmeproduksjon i gardsvarmeanlegg eller andre anlegg som nyttar bioenergi til oppvarming, samt sal av ved.

Det omsette virket i 10års-perioden har ein samla bruttoverdi på 45 mill. kr. Det er vanleg å rekne ein samfunnsøkonomisk verdi på 6 -12 gonger førstehandsverdien når virket er ferdig foredla, avhengig av sluttprodukt. Med ein faktor på 10 vert den samfunnsøkonomiske verdien av dette virket 450 mill. kr.

6 Metode

6.1 Innhenting av skoglege ressursdata

Bestandsdata frå områdetakst for skogen i Vindafjord frå 2016 ligg til grunn for berekning av ressursar i dekningsområda til vegane i planen. Områdetaksten gir tal for litt under 80% av det produktive skogarealet i kommunen.

6.2 Planlegging av framtidige skogsveggar m/dekningsområde

Tal nye veganlegg og plassering er vurdert ut frå dagens vegnett, skogvolum og lokalkunnskap. Storleiken på dekningsområda er vurdert uavhengig av eigedomsgrenser, men ut frå transportavstand til velteplass, driftsmetode, tilstøytande veganlegg og topografi.

Vegane er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge. Kva tid skogen i dekningsområdet er hogstmoden, då med særleg vekt på granskogen, vil vere avgjerande for kva del av planperioden kvar enkelt veg bør byggast.

6.3 Miljøomsyn

Miljøinformasjon er innhenta frå sentrale databasar.

6.4 Økonomiske parametarar

Byggekostnad

Vegbyggingskostnadane er basert på erfaringstal for i kommunen. Vi har nytta kr 1 000,- per meter bilveg (vegklasse 3 og 4) og kr 700,- per meter veg for tung traktorveg (vegklasse 7).

Tømmerpris/skogverdi

Her har vi lagt til grunn gjennomsnittstal for det som er registrert gjennom virkesdatabasen (VSOP). I tillegg har vi lagt til grunn at granskogen hoggast når den er hogstmoden for å oppnå best mogleg kvalitet og pris. Vi har lagt til grunn følgjande gjennomsnittsprisar:

- Gran 350 kr/m³
- Furu 300 kr/m³
- Bjørk 300 kr/m³

Driftskostnader og driftsnetto

Hogstmaskin og lastetraktor står for om lag 95 % av all hogst. For denne driftsforma ligg driftsprisen som regel mellom 100 -180 kr/m³. Avstand til bilveg, terrengforhold, dimensjonar, kvalitet og ressursar per arealeining er sentrale faktorar som påverkar driftskostnadane.

I terreng der hogstmaskin og lastetraktor ikkje kjem fram, må ein ta i bruk taubane. Taubanedrift er ein miljøvennleg driftsform utan tekniske inngrep og kjørespor i terrenget eller fare for erosjon, men stiller store krav til plassering av vegane for å kunne drive rasjonelt/kostnadseffektivt. Driftskostnadane for taubanedrift er vesentleg høgare og ligg mellom 250 – 400 kr/m³. For taubanedrift kan ein få eit driftstilskot for å kompensere for høge driftsutgifter, som er på mellom 80 – 200 kr/m³ avhengig av treslag og banelengde.

Driftsnetto er definert som tømmerpris/skogverdi minus drifts- og vegbyggingskostnader. Driftskostnadar og driftsmetode er vurdert i alle dekningsområda til dei ulike vegforslaga. For å forenkle har vi delt driftskostnadane inn i tre ulike klasser:

- **Låg = 110 kr/m³**. Lette og gode driftsforhold, kort avstand til bilveg, høg kubikkmasse per dekar
- **Middels 160 kr/m³**. Her er det noko lengre kjøring fram til bilveg, terrenget er litt meir krevjande med behov for mindre gravetiltak og svakare bæreevne, noko lågare kubikkmasse per dekar.
- **Høg 200 kr/m³**. Her må store delar av arealet drivast med taubane (taubanetilskot er innbakt i driftsprisen), eller at arealet er krevjande med behov for stikkvegbygging, lang kjøring og at det står relativt glissent med naturskog på store delar av arealet.

Det vil ikkje i planen bli føreslått veganlegg som openbart ikkje er økonomisk forsvarleg ut frå dagens tømmerprisar, kostnader og tilskotsordningar. Dei økonomiske vurderingane av dei ulike veganlegga er ei forenkla og grov vurdering, men skal likevel gi ei god rettesnor på kva ein kan forvente å oppnå. Dersom det i tillegg til hovudvegen er behov for bygging av sekundære vegar for å løyse ut kubikkmassen i dekningsområdet, skal dette takast med i den økonomiske vurderinga

7 Mål og strategiar

Hovudmål

- Det skal leggjast til rette for å byggje ut eit moderne og framtidsretta skogsvegnett med fokus på ein rasjonell utnytting av skogressursane og omsyn til viktige miljøverdiar.

Strategi/tiltak

- 1) Bruke hovudplanen som styringsverktøy for vidare utbygging og prioritering av ressursar og innsats.
- 2) Ta ansvar for årleg mobilisering av aktuelle vegprosjekt i tråd med hovudplan.
- 3) Gå aktivt ut med informasjon med tanke på vegbygging og skogbruk generelt. Skogfond, finansiering, fordelar med samarbeid m.m.
- 4) Følgje opp krav til god planlegging (byggjeplan) ev trekk inn vegkompetanse etter behov.
- 5) Kvalitetssikring av alle vegplanar, spesielt med tanke på taubanedrift og miljøomsyn.
- 6) Vurder taubanedrift i erosjonsutsette område.
- 7) Synleggjere verdiskaping og potensiale for auka verdiskaping frå skogbruket i kommunen.
- 8) Prioritere ombygging- og opprustningstiltak til dagens skogsbilvegstandard
- 9) Fokus på skogsbilveggar og større veganlegg
- 10) Ha fokus på samarbeid med lokale ressurspersonar, skogeigarlag m.fl.

8 Oversikt over viktige hovudtraséar

Tabell 1 viser ein samla oversikt over aktuelle og viktige hovudtraséar i dei ulike områda med tilhøyrande grunnlagsdata for dekningsområda.

Tabell 2 viser dei økonomiske vurderingar knytt til veganlegga og dekningsområda. Dokumenterte miljøverdiar knytt til det enkelte veganlegget er utdjupa under tabell 1.

9 Samandrag

Veglengde og kostnader

Totalt er det planlagd 32,2 km fordelt på 30 veganlegg. Vidare er dette fordelt på 26,4 km med bilveg vegklasse 3 og 4 og 5,8 km med tung traktorveg vegklasse 7. Totalkostnaden for å byggje ut skogsvegane er på ca. 30,4 mill. kr. Dersom staten går inn med 60 % tilskot til bilveggar og 50% til traktorveggar, utgjør eigendelen for skogeigarane 12,6 mill kr.

Samla volum og areal

Dei planlagde skogsvegane løyser 147 000 m³ med gran, 107 000 m³ furu og 44 000 m³ lauv, og eit totalt produktivt skogareal på om lag 16 700 daa. Dette utgjør om lag 10 % av det takserte produktive skogarealet i kommunen.

Vegdekning på skogarealet

Dersom alle bilvegforlaga i planen vert bygd, vil skogsbilvegdekninga etter utbygging gå frå 3,5 m/haa til 4,7 m/haa på produktivt skogareal. Dette er framleis meir enn 40% lågare vegdekning enn gjennomsnittet for landet.

Samla verdiskaping

Førstehandsverdien(bruttoverdien) dersom alle føreslåtte vegtrasear blir realisert og skogressursane utnytta, er på 97 mill. kr.

Driftsnettoen for skogeigarane (skogverdien minus veg- og driftskostnadar) utgjer 17,5 mill kr.

Samfunnsøkonomisk utløyser dette verdiar for 972 mill. kr dersom ein føreset ein samla verdiskapingsfaktor på 10 av skogverdien/førstehandsverdien.

Den totale verdiskapinga er då 33 gonger større enn investeringskostnaden og 54 gonger større enn eventuelle statlege tilskot på 60% /50% for høvesvis bil- og traktorveggar.

Skogsvegane vert mykje nytta til turopplevingar og rekreasjon og gir dermed ei ekstra helsegevinst på kjøpet.

10 Vedlegg

10.1 Tabell 1. Oversikt over aktuelle og viktige hovudtrasear

Vegnr.	Vegnamn	Veg klasse	Lengd m	Taubane	Nyanlegg =1 Ombygg.= 2	Dok. miljø-verdiar*	Gran daa	Furu daa	Lauv daa	Vol gran	Vol furu	Vol lauv
1160-1.1	Fostenesvegen 2	4	701	Nei	2	Ingen registreringer	253	256	11	5404	6573	88
1160-1.2	Liamyrvegen	4	938	Nei	1,2	Ingen registreringer	112	137	2	5557	3361	15
1160-1.3	Krossleitevegen	4	2035	Nei	1,2	Ingen registreringer	411	18	39	4538	108	300
1160-1.4		7	333									
1160-1.5		7	559									
1160-1.6	Holmalivegen	4	713	Nei	2	Ingen registreringer	180	7	246	3172	54	1005
1160-1.7		7	1006									
1160-1.8		7	613									
1160-1.9	Longåsdalsvegen	4	851	Nei	2	Livsmiljø: Rik bakkevegetasjon	152	672	781	3427	8134	5498
1160-1.10	Skreddalsvegen	4	614	Nei	1	Ingen registreringer	46	401	12	1780	8211	488
1160-1.11	Rullevikstjørnvegen	7	405	Nei	1	Ingen registreringer	28	87	28	808	813	60
1160-1.12	Hetliovegen	3	525	Nei	2	Rødlista arter: Lav og moser	384	502	65	6123	9769	850

Hovudplan skogsbilvegar Vindafjord kommune

1160-1.13	Leitevegen 2	7	1047	Nei	1	Ingen registreringer Ved drikkevatn	90	330	26	1419	6961	323
1160-1.14	Bjoavassvegen	3	100		2	Ved drikkevatn	75	164	21	1799	2965	156
1160-1.15		7	560		2							
1160-1.16	Kolbeinshauglivegen	4	1700	Nei	2	Kolmile	44	681	245	0	6475	1144
1160-1.17	Øvre Aurdalsvegen	4	2320	Nei	2	Livsmiljø: Gamle trær	156	491	249	6098	12022	4880
1160-1.18	Breimyrvegen	4	641		2	Ingen registreringer	122	173	0	2515	4757	310
1160-1.19	Stølsvegen	4	2778	Nei	2	Ingen registreringer	250	1012	454	3885	9960	4391
1160-1.20	Kvamstjørnvegen	3	700	Nei	1	Ingen registreringer	105	19	53	6164	156	395
1160-1.21	Skjervheimslivegen	4	1373	Nei	1	Ingen registreringer	258	0	484	12148	0	3076
1160-1.22	Kolltveitstrandvegen	4	1499	Ja	2	Ingen registreringer	225	0	364	5655	0	4086

Hovudplan skogsbilvegar Vindafjord kommune

1160-1.23	Nordabøvegen	4	532	Ja	2	Ingen registreringer	88	0	236	4460	0	1417
1160-1.24		4	1256	Ja	1		350	52	377	12718	636	2957
1160-1.25	Vassverksvegen	4	2300			Ingen registreringer	38	2	244	2476	636	2957
1160-1.26		4	1170			Ved drikkevasskjelde	210	10	28	7042	5	2487
1160-1.27		4	1030				317	20	312	11633	47	250
1160-1.28	Sandhammarbekkvegen	7	1260			Rødlista arter	138	8	247	8834	111	1676
1160-1.29	Hualøypevegen	4	887	Nei		Ingen registreringer	459	455	98	15662	8722	2017
1160-1.30	Røyrvatnvegen	4	1721	Nei	2	<u>Artfunksjon:</u> Spettefugler Spurvefugler	560	1165	348	14160	17342	4918
SUM			32 167				5051	6662	4970	147 477	107 394	44 563

* henta frå Temakart Rogaland / Naturbase

Hovudplan skogsbilvegar Vindafjord kommune

10.2 Tabell 2. Økonomiske vurderingar

Vegnr	Vegnamn	Lengd m	Hogstmoden* (1=tidleg, 2=seint)	Byggekostnad kr	Driftskostnader kr	Brutto Skogverdi kr	Samfunnsverdi kr
1160-1.1	Fostenesvegen 2	701	1	701 000	1 930 400	3 889 700	38 897 000
1160-1.2	Liamyrvegen	938	1	938 000	1 429 280	2 957 750	29 577 500
1160-1.3	Krossleitevegen	2035	1	2 035 000	791 360	1 710 700	17 107 000
1160-1.4		333		233 100			
1160-1.5		559		391 300			
1160-1.6	Holmalivegen	713	1	713 000	676 960	1 427 900	14 279 000
1160-1.7		1006		704 200			
1160-1.8		6013		429 100			
1160-1.9	Longåsdalsvegen	851	2	851 000	2 729 440	5 289 050	52 890 500
1160-1.10	Skreddalsvegen	614	1	614 000	1 676 640	3 232 700	32 327 000
1160-1.11	Rullevikstjørnvegen	405	1	283 500	268 960	544 700	5 447 000
1160-1.12	Hetliovegen	525	2	525 000	2 678 720	5 328 750	53 287 500
1160-1.13	Leitevegen 2	1047	1	732 900	1 392 480	2 681 850	26 818 500
1160-1.14	Bjoavassvegen	100	1	100 000	787 200	1 565 950	15 659 500
1160-1.15		560		392 000			

Hovudplan skogsbilvegar Vindafjord kommune

1160-1.16	Kolbeinshauglivegen	1700	1	1 700 000	1 219 040	2 285 700	22 857 000
1160-1.17	Øvre Aurdalsvegen	2320	2	2 320 000	3 380 000	7 204 900	72 049 000
1160-1.18	Breimyrvegen	641	1	641 000	1 213 120	2 400 350	24 003 500
1160-1.19	Stølsvegen	2778	1	2 778 000	2 917 760	5 665 050	56 650 500
1160-1.20	Kvamstjørnvegen	700	1	700 000	1 074 400	2 322 700	23 227 000
1160-1.21	Skjervheimslivegen	1373	1	1 373 000	2 435 840	5 174 600	51 746 000
1160-1.22	Kolltveitstrandvegen	1499	1	1 499 000	1 948 200	3 205 050	32 050 500
1160-1.23	Nordabøvegen	532	1	532 000	1 175 400	1 986 100	55 292 000
1160-1.24		1256		1 256 000	3 262 200	5 529 200	
1160-1.25	Vassverksvegen	2300	1	2 300 000	794 880	1 614 200	16 142 000
1160-1.26		1170		1 170 000	1 174 240	2 553 800	25 538 000
1160-1.27		1030		1 030 000	2 179 360	4 667 950	46 679 500
1160-1.28	Sandhammarbekkvegen	1260	1	882 000	1 699 360	3 628 000	36 280 000

Hovudplan skogsbilveggar Vindafjord kommune

1160-1.29	Haualøypevegen	887	2	887 000	4 224 160	8 703 400	87 034 000
1160-1.30	Røyrvatnvegen	1721	1	1721000	5827200	11634000	116340000
SUM		32167		30 432 100	49 186 600	97 204 050	972 040 500

10.3 Oversiktskart med skisserte vegløyser

10.3.1 1160-1.1 Fostenesvegen 2



10.3.2 1160-1.2 Liamyrvegen



10.3.3 1160-1.3, 1.4, 1.5 Krossleitevegen




10.3.4 1160-1.6, 1.7, 1.8 Holmalivegen



10.3.5 1160-1.9 Longåsdalsvegen



10.3.6 1160-1.10 Skredalsvegen



10.3.7 1160-1.11 Rullevikstjørnvegen




10.3.8 1160-1.12 Hetliovegen




10.3.9 1160-1.13 Leitevegen 2 og 1.14, 1.15 Bjoavassvegen




10.3.10 1160-1.16 Kolbeinshauglivegen



10.3.11 1160-1.17 Øvre Aurdalsvegen



10.3.12 1160-1.18 Breimyrvegen



10.3.13 1160-1.19 Stølsvegen




10.3.14 1160-1.20 Kvamstjørnvegen




10.3.15 1160-1.21 Skjervheimslivegen



10.3.16 1160-1.22 Koltveitstrandvegen



10.3.17 1160-1.23, 1.24 Nordabøvegen



10.3.18 1160-1.25, 1.26, 1.27 Vassverksvegen




10.3.19 1160-1.28 Sandhammarbekkvegen



10.3.20 1160-1.29 Hauløypevegen



10.3.21 1160-1.30 Røyrvatnvegen



10.3.22 Oversiktskart

